

Møtebok 5 – 24 for Moster sokneråd

07.mai 2024

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Hans Magne Nesse Stokka, Solveig Eikeland, Gerda Bondø, Aksel Lygre, Elisabeth Gjøsæther Løkling, Arthur Anglevik

Sak 44 – 2024 Godkjenning av møtebok frå 09.04.2024 og innkalling

Vedtak: Møtebok er godkjent. Innkallinga er godkjent med to sak på ymse.

Sak 45 – 2024 Oppfylging av tidlegare saker

***Kyrkjemusikalsk - gudstenesteutval:**

Vedtak: Desse vert med i utvalet: Gunnvald Bjotveit, Aksel Lygre, Øystein Skullerud. Aksel prøver å skaffe to personar til.

***Konsert 14.april, Rutters Gloria. Evaluering.**

Strålende konsert. Det var ca. 70000 i utgifter og kun 20000 i inntekter. Skal det organiserast ein liknande konsert ber soknerådet om at det vert presentert eit budsjett på førehand. Tidlegare vedtak: orgelkomiteen skal dekke underskot.

***Evaluering av konfirmantfest**

Festen var vellukka med god stemning og mat. Utgifter og inntekter gjekk i balanse. Viktig å komme tidleg i gong med planlegging.

***Diakoniutvalet er forhindra frå å stilla også på møtet no i mai, men kan koma 11.juni.**

Vedtak: Dei vert invitert på augustmøte.

***Jubileumsgudsteneste – og helg.**

Biskop emeritus Halvor Nordhaug er spurt om å tala. Han har lova å svare i løpet av mai.

Det nye utvalet, kyrkjemusikal og gudstenesteutval, vert kalla inn i møtet i juni også med tanke på jubileum.

Korleis går det med borna si jubileumsfeiring?

Viser til referat frå TOL,30.04.24

Vedtak: Soknerådet ber om at pedagogane står for programmet ut frå begrensa økonomiske ressursar.

***Pinsestemne - instruksjon av hjelparar i møte i Moster Amfi 13.05.kl.18:00**

***Rekruttere ungdom som medarbeidarar og leiarar og gje dei leiartrening.**

Kvar står saka?

Viser til referat frå TOL, 30.04.24

***Husgruppe for konfirmantane.** Kvar står saka?

Viser til referat frå TOL, 30.04.24

Sak 46 – 2024 Konfirmasjon 11.mai og 12.mai.

Fylgjande må på plass: Pynting, klargjering av kappar, fotografering, hjelparar 7.mai – siste time før konfirmasjon, utdeling av gripekors og gratulasjonskort, m.m.

Vedtak: Rune planter ute, Gerda ordnar med flagg. Resterande er utført.

Sak 47 – 2024 Dagar for soknerådsmøte hausten 2024

AU føreslår fylgjande dagar: 20/8; 10/9; 08/10; 12/11; 10/12.

Vedtak: Soknerådsmøte vert 20/8; 10/9; 08/10; 12/11; 10/12.

Sak 48 – 2024 Innviings-konsert av nytt orgel 9.mai. AU informerer.

Vedtak: Gunnvald Bjotveit og Synnøve Totland er kyrkjevertar.

Gerda Bonde og Selma Bjotveit kokar kaffi. Kakene er bestilt.

Aksel leier. Kiwi og Floriss sponser deler av konserten. Rune kjøper inn brus, kaffi mm. Per Harald Gjerde tek bilete.

Sak 49 – 2024 Oppfølging av årsmøte: Ta grep i ein vanskeleg økonomisk situasjon – saka utsett frå førre møte. Hans Magne N Stokka og Gunnvald Bjotveit presenterer saka for oss.

Dei har sett på ulike løysingar:

- Giroaksjon, deler ut eller legge som innlegg i Bømlo-nytt
- Givartjeneste

- Grassrotandel, ulike verksemdheter i kyrkja kan registrere seg som t.d kyrkjekor eller diakoniarbeid
- Presentasjon om føremålet, utarbeider tekst som brukas før kollekt

I tillegg må ein tenkje nøye over kva dagar ein set opp offer til eige kyrkjelydsarbeid.

Vedtak: Soknerådet vil arbeide vidare med desse punkta

- Givartjeneste
- Presentasjon av føremålet

Hans Magne Stokka og Gunnvald Bjotveit arbeidar ut forslag til brosjyre om givartjeneste, til augustmøtet.

Sak 50 – 2024 Økonomisk kvartalsrapport 1.kvartal 2024

Vedtak: Soknerådet tek rapporten til vitande.

Sak 51 – 2024 Komité for hefte om nytt orgel: Mandat og medlemmer.

Gunnvald Bjotveit orienterer og legg fram forslag.

Vedtak: Gunnvald Bjotveit snakkar med Moster sogelag ved leiar om samarbeid om heftet.

Saka vert følgt opp på neste møte.

Sak 52 – 2024 Referat og meldingar

Programkomité for 150-årsfeiringa:

Elisabeth Gjøsæther Løkling tar ansvar saman med Aksel Lygre for å utarbeide plakater mm.

Orgelkomiteen: Ingenting å melde

Trusopplæringsutvalet: Sjå eige referat

Utval for kyrkjemusikk og gudstenestliv: Ingenting å melde

Diakoniutvalet: Ikkje mottatt referat

Estlandskomiteen: God framdrift i arbeid med sommarleir. Planlegging av kyrkjelydstur i 2025 er starta.

Felleskristen komité 1000 år: God framdrift. Mange aktivitetar og arrangement er planlagt.

Fellesråd og administrasjon: Ikkje møte sidan sist

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre:

Prostidag i Sveio 12.09.24 i samband med bispevisitas

Avskjedsgudstjeneste for prost Svein Arne Theodorsen 20.10.24 i Stord kyrkje.

2.juni treng ein nokon som kan ringe i kyrkjeklokkene i gamle kyrkja

Innkvartering; Det manglar plasser til overnatting

Sak 53 – 2024 Kyrkjevertar til 02.06.24

Vedtak: Hans Magne Stokka, Helga Stokka, Gerda Bonde, Roy Pedersen, Jonn Eikeland og Solveig Eikeland stiller for Moster sokneråd.

Sak 54 – 2024 Offer i Moster Amfi 02.06.24

Vedtak: I samband med kyrkjeoffer blir det sendt nettobeløp etter at vipps er trekt i frå.

-